



## Årsmelding

for Nordmøre spelmannslag  
for året 2003

### Styre

Styret har i arbeidsåret 2003 vore samansett slik:

Leiar	Arnstein Brevik
Nestleiar	Nils Tore Leivdal
Kasserar	Magnar Almberg
Sekretær	Torgeir Bergfald
Styremedl.	Jon Grimsmo

Musikalsk leiar har vore Helge Husby  
Det har i alt vore heldt 3 styremøte.

### Øvingar

Det har som regel vore øving i laget omlag tredjekvar søndag, om ein ser bort frå høgtider og sommarmånadane. Øvingsstaden har til vanleg vore Halsa barne- og ungdomsskule på Halsa, men ein har lagt eit par av øvingane til Straumsneset og til Rindal. Oppmøtet på øvingane har jamnt over vore godt, og ein kan vel seie at laget for tida har ein stamme på rundt ti ”aktive”, medrekna kompgutane.

### Tilstelningar

Saman med Aure kulturskule og UL Ottar Birting stelte laget den 15. november til ei samling for spel- og danseinteresserte born og ungdomar. Samlinga var lagt til Tingvoll, og ein samla i alt 35 deltakarar frå halvparten av Nordmørskommunane. Målsettinga for samlinga var å gje deltakarane ein smak av den tradisjonelle dansen og musikken frå Nordmøre, og kanskje etter kvart rekruttere nokre av dei som aktive i laget. Så langt ein kan vurdere det i dag, var samlinga sers vellukka, og ein tek frå laget si side sikte på å gjennomføre fleire liknande tilstelningar i tida som kjem.

Det må vidare nemnast at laget sin nestleiar som vanleg har vore ”primus motor” i samband med den årlege Nordmørskvelden i Innerdalen. Nokre av laget sine spelmenn var og med, og etter kva ein har høyrte var også dette eit sers triveleg og godt gjennomført arrangement.

Ein tek og med at laget var vertskap for årsmøtet i Møre og Romsdal folkemusikklag i Batnfjorden i mars. Her fekk ein og høve til å underhalde dei tilreisande med eit utval Nordmørsslåttar.

### Kapleik

Etter å ha vore borte fra Fylkeskapleiken nokre år, tok laget turen til Molde første helga i oktober for å vera med. Laget var representert i klassar for solo-, gruppe-, og lagspel. I tillegg vart det spelt til dans. Frå resultatlista (som er lagt ved protokollen) vel ein å nemne plasseringa i lagspel utan komp. Her kom laget inn på ein respektabel andreplass, eitt fattig poeng attom vinnarane. Ein oppnådde 118 poeng og rosande kommentar frå domarane.

### Ymse

I året som gjekk fylte spelmannen Ola Aarsund frå Aure 70 år. Han var i mange år blant dei leiande kreftene i Nordmøre Spelmannslag, og fekk såleis fortente gratulasjonar og gåve frå laget.

Til slutt vil ein frå styret si side få takke musikalsk leiar for inspirerande og godt utført, men dårleg betalt arbeid. Ein vil og rette ein takk til dei laget elles har samarbeidd med i året som gjekk.

1. februar 2004  
For styret  
i Nordmøre Spelmannslag

*Arnstein Brevik /s/*